

Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan

Dato: 13.10.2023
Referent: Hanne Thingstadberget
Arkivreferanse: 2022/18857-36

Møtereferat

Til:
Møtedeltagere

Referat Regionalt planforum 4. oktober 2023

Tema: Krav om revisjon av reguleringsplanar for massetak i Bøvre fastsett i kommuneplan, Lom kommune

Møtet vart avholdt på teams. Møteleiar: Kristin Ryen Reithaug.

Deltakere:

Øyvind Pedersen	oyvind.pedersen@lom.kommune.no
Sander Sæhltn	sander.saelthun@lom.kommune.no
Sigrid Johanne Langsjøvd	sjl@nve.no
Terje Abrahamsen	terje.abrahamsen@statsforvalteren.no
Runa Bø	runa.bo@statsforvalteren.no
Kjell Erik Kristiansen	kjell.erik.kristiansen@statsforvalteren.no
Olav Malmedal	olav.malmedal@statsforvalteren.no
Ane Dorthea Lundberg Nordlie	andnor@innlandetfylke.no
May-Tove Smiseth	maysmi@innlandetfylke.no
Marte Hveem Igeltjørn	marige@innlandetfylke.no
Kristin Ryen Reithaug	krirei@innlandetfylke.no
Hanne Thingstadberget	hanthi@innlandetfylke.no

	<p>Krav om revisjon av reguleringsplanar for massetak i Bøvre fastsett i kommuneplan, Lom kommune</p>
<p>Bakgrunn</p>	<p>Bøvra og Finna vart varig vernet mot framtidig kraftutbygging gjennom Verneplan IV i 1993, dvs. 5 år før områda for råstoffutvinning i vassdraga vart omfatta av vedtak av reguleringsplanar i 1998.</p> <p>Saka som nå fremmes i planforum gjelder krav om revisjon av gjeldande reguleringsplanar for massetak i Bøvre fastsett i kommuneplanens arealdel i desember 2022, og da spesielt område M31 Bøvre ved Medalen og M32 Bøvre ved Borgasanden. Krav om revisjon har bakgrunn i motsegner frå NVE og Statsforvaltaren ved behandling av kommuneplanens arealdel. Arbeidet med revisjon av planane er i oppstartsfasen. Kommunen har følgende ønsker for møtet i planforum:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Drøfting av kva ein ser for seg av behov for å revidere i forhold til kva som er fastsett i gjeldande reguleringsplanar for desse to områda (M31 og M32) • Drøfting av kva som trengs av utredningsarbeid for å gjennomføre arbeidet med revisjon av planane for områda M31 og M32. <p>Kommunen meiner at uttaka i vassdraga framleis er viktige bidrag til flaumsikring av bygnad, infrastruktur og landbruksareal, slik det var vurdert ved reguleringsplanprosessen i 1997-1998. Omsynet til samfunnstryggleik og sikring av areal mot flaum, må og vere sentralt i reguleringsplanlegginga som no skal gjennomførast. Vidare gir uttaka viktig råstoff for bygg- og anleggsverksemd, sidan Lom ikkje har store grusressursar som kan nyttast på land. Uttaka gir og sysselsetting i bygg- og anleggsbransjen ved drift av uttaka - og i bygge- og anleggsverksemd der produkta vert nytta.</p>
<p>Merknader</p>	<p>Det blir lagt til grunn at det har vore ein god dialog og eit godt samarbeid mellom dei regionale aktørane og kommunen i tilknytning til denne saka. Partane er samde om at plan- og bygningslova er det rette verktøyet i forhold til det arbeidet som må gjerast, og det er bra at denne prosessen no er i gang. Sjøl om plan- og bygningslova ligg til grunn for planarbeidet, kan ein gjerne i arbeidet sjå til krav til dokumentasjon osv. for søknad om tiltak etter vannressurslova (Konsesjonsbehandling). Lenkjer til aktuelle nettsider hos NVE: Konsesjon til vassdragstiltak - NVE, der ligg malane for konsesjonssøknader nedst på sida. Nettsidene Vannuttak og fysiske inngrep i vassdrag - NVE og Fysiske inngrep i vassdrag - NVE er og relevante for vassdragsinngrep i form av masseuttak. 002/10 Bøvri - NVE er lenkje til nettsida om verneplan, her ligg lenkjer til skildringar av verneverdiar under faktaboksen på høgre side.</p> <p>Det er eit faktum at det her er snakk om ei igangverande verksemd som skjer i samsvar med vedtekne planar. Desse planane er likevel gamle, og det er behov for oppdatering av kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for desse. Tilgjengeleg kunnskap i dag er mykje betre enn då dei gjeldande planane vart vedtekne, og det er dette som må speglast i dei reviderte planane som endra føresetnader. Avveginga mellom dei kommersielle interessene og verneomsynet blir sentralt i revisjonsarbeidet.</p> <p>Oppdatering av føresegnene vil vera vesentleg i denne prosessen, og her vil vilkårsoppfølging vera viktig. Detaljeringsnivået i gjeldande planar knyter seg</p>

til datida sitt kunnskapsgrunnlag og er for grovt og enkelt set ut frå dagens behov.

Det er også eit spørsmål om kven som skal bera kostnadene knytt til revisjonsarbeidet. Kan ein spleis mellom kommunen og grunneigarane vera aktuelt, sidan det både dreiar seg om kommersielle omsyn og flaumsikringsomsyn? Det bør også vurderast om planane kan slåast saman til ein plan, med tanke på å forenkla prosessen og redusera kostnadene. Det vil uansett vera nødvendig å bli samde om kva som skal gjerast og av kven, spesielt med tanke på oppdatering av kunnskapsgrunnlaget. Det er grunn til å tru at det i mindre grad vil vera behov for å setja i gang eigne undersøkingar og utgreiingar; det meste finst allereie og det er meir eit spørsmål om å samanstille eksisterande kunnskap. Og her vil kunnskapen knytt til sjølve vassdraget vera i fokus. Flyfotodokumentasjon over tid vil eksempelvis vera interessant, også med tanke på endring i flaummønster, og fluvial geomorfologi.

Uttakshøgder og tid for uttak må konkretiserast i føresegnene, og fastsetjast på bakgrunn av det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget. Føresegnene må også omhandla støy frå knusing og bearbeiding.

Registrerte kulturminne skal med i planarbeidet, og det må og takast høgd for at det kan vera behov for å registrera på nytt.

Sognefjellvegen er også viktig i flaumsikringssamanheng, og i planarbeidet må det takast omsyn til å halda oppe/halda ved like denne funksjonen.

Det minnest om at varsemdkrava i Vannressurslova og vil vera gjeldande i denne saka.

Elles vil dei regionale aktørane ved behov kunna bidra i planarbeidet ut frå rollene sine og ansvarsområde sitt.